

**Utval:** Utval for miljø og samferdsel  
**Møtestad:** Fylkesutvalssalen, 3. etg., Fylkeshuset, Bergen  
**Dato:** 16.01.2019  
**Tidspunkt:** 09.00-15:30

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer	Merknad
Gustav Bahus	Medlem	FRP	Gjekk kl. 14:35
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Atle Kvåle	Medlem	A	
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG	
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KRF	
Jon Askeland	Leiar	SP	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Iiril Schau Johansen	Medlem	H	Gjekk kl. 15:00
Per Lerøy	Medlem	A	
Geir Angeltveit	Medlem	V	
Kari Foseid Aakre	Medlem	A	
Mette Heidi Bergsvåg Ekreheim	Medlem	SP	

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Direktør samferdsel
Torill Klinker	Seksjonsleiar for transportplanseksjon
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar vegseksjon
Målfrid Vik Sønstabø	Direktør Skyss
Beate Mæsel	Seniorrådgjevar, Statens vegvesen
Silje Lyngstad	Rådgjevar/møtesekretær

Silje Lyngstad  
møtesekretær**Sakliste**

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 3/19	Referatsaker (meldingar)		

PS 4/19	Ymse	
PS 5/19	Innkomne spørsmål frå politikarane	
FO 1/19	Spørsmål frå Angeltveit (V) - kollektivtilbod Sunnhordaland	2019/66
FO 2/19	Spørsmål frå Byrknes (KRF) - Bekymring for busskapasitet for elevar ved Knarvik ungdomsskule	2017/17521
FO 3/19	Spørsmål frå Marthe Hammer (SV) - buss Bergen - Nordhordland	2019/391
RS 1/19	Breibanddekning i Hordaland 2018	2017/3282
RS 2/19	Tildeling av tilskot til hurtigladeinfrastruktur	2018/14245
RS 3/19	Moglegheiter for etablering av forsterka vegoppmerking i Hordaland - notat til FTU november 2018	2014/13889
RS 4/19	Dokument 18/136127-12 E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset (ringveg øst) - KDP med KU Referat fra møte 01/18 i referansegruppen 23-11-2018 sendt fra Statens vegvesen	2018/13472
RS 5/19	Rapport frå NTNU - Sykkel-VM 2017. Fra folkefest til økonomisk bakrus	2014/1636
RS 6/19	E134 Haukelivegen AS. Prioriterte vegprosjekt.	2014/16034
RS 7/19	Hurtiglading for drosje på Bergen lufthamn og Bergen busstasjon	2016/34268
RS 8/19	Ekstraløyving til trafikksikring i 2019. Fordeling av midlar og plan for tilskotsordning.	2019/99
RS 9/19	Referat frå Fylkesvegrådet	2018/12405
RS 10/19	Eierrapport fra Ferde AS 2018-2	2016/34293
PS 6/19	Bompengar for nullutsleppskøyretøy - Takstklasse 2	2014/17239
PS 7/19	Søknad frå Taxi/Bus Odda AS om ruteløyve for strekninga Skjeggedal - Tyssedal - Odda	2018/14702
PS 8/19	Søknad frå Osbuss AS om fornying av ruteløyve for sightseeingbuss i Bergen sentrum	2018/14672
PS 9/19	Fråvikssøknad - reguleringsplan for fv 555 Kolltveit-Vorland	2015/10280
PS 10/19	Fråvikssøknad. Reguleringsplan for gnr. 216 bnr.119 Eidsvåg skole - Bergen kommune	2016/5778
PS 11/19	Fråvikssøknad - reguleringsplan for fv 48 Skånevik - Flesjo i Etne kommune	2016/34887
PS 12/19	Framlegg til overføringslov og endring av ulike lover som følgje av overføring av fylkesvegadministrasjonen - Høyringsfråsegn	2018/16763
PS 13/19	Utlysing driftskontrakt 1206 Voss og 1207 Sunnhordland	2015/5638

## **PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

Innkalling og saksliste vart godkjent utan merknader.

## **PS 2/19 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

Møteboka frå 21.11.2018 vart godkjend utan merknader.

## **PS 3/19 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

RS 1-10/19 vart referert.

## **PS 4/19 Ymse**

**Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

### **Orienteringar**

- Elektrifisering av ferjedrifta i Hordaland v/Stig Håkon Kristoffersen, Skyss
- Elektrifisering av ferjedrifta i Hordaland v/ Nils Kristian Berge, Fjord1.
- Nytt frå Statens vegvesen v/ Beate Mæsel, Statens vegvesen

### **Oversendingsforslag**

**Jon Askeland (SP)** sette fram slikt oversendingsforslag:

«Utval for miljø og samferdsel ber fylkesordførar sende brev til NVE vedkommende elektrifisering av fergekaia basert på det som kom fra i orientering i MISA 16.01»

Utvalte slutta seg samrøystes til dette.

## **PS 5/19 Innkomne spørsmål frå politikarane**

**Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

### **Vedtak**

**FO 1/19 Spørsmål frå Angeltveit (V) - kollektivtilbod Sunnhordaland**

**Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

**Svar frå fylkesrådmann:**

Dette er ei lei sak, og vi beklagar at kunden har hatt denne opplevinga. I høve våre busskontraktar er alle bussane i Hordaland universelt utforma og skal etter lova vere tilpassa til rullestolbrukarar og andre reisande med nedsette funksjonsevner. Bussar av klasse 2 (høg inngang) har rullestolheis, og bussen skal ta med rullestolbrukarar så lenge det er ledig plass om bord. Den einaste grunnen til at ein rullestolbrukar ikkje kjem med, skal vere om plassen allereie er oppteken av andre rullestolar.

Informasjon om reise med rullestol finn ein på Skyss sine sider her: <https://www.skyss.no/Verdt-a-vite/Nyttig-informasjon-/Spesielt-for-buss/a-reise-kollektivt-med-rullestol/>. Av omsyn til tryggleiken om bord er det maksstørrelse og -vekt for rullestolar i samsvar med forskrift om universell utforming og Busdirektivet vedlegg 7.

Skyss har fylgt opp denne konkrete saka overfor Tide Buss, som har kontrakten for bussdrifta i Sunnhordland. Tide har raskt gjort tiltak, både mot kunden som vart ramma og for å betre rutinane slik at vi ikkje får tilsvarende hendingar igjen.

Skyss oppfordrar alle reisande som har uheldige opplevingar som denne, til å ta kontakt med vårt kundesenter. Rask og konkret informasjon om slike hendingar gjer det mogleg å følge opp at slike avvik ikkje skjer igjen.

## **FO 2/19 Spørsmål frå Byrknes (KRF) - Bekymring for busskapasitet for elevar ved Knarvik ungdomsskule**

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

#### **Svar frå fylkesrådmann:**

Fylkeskommunen har plikt til å dimensjonere skoleskysstilbodet ut frå at skoleelevar med lovfesta rett til skoleskyss (etter føresegna i opplæringslova kapittel 7 og privatskolelova § 3-7) skal ha tilgang til sitteplass i bussen med setebelte fastmontert.

Per i dag er det ingen skoleelevar på Knarvik ungdomsskule som bur mellom Knarvik og Alver som har lovfesta rett på skoleskyss med buss. Skyss ønskjer likevel at det skal vere sitteplass med fastmontert setebelte for dei reisande, men kan ikkje garantere for dette.

Når det gjeld busstilbodet til/frå Knarvik ungdomsskule går det fleire bussar frå Knarvik til Alver som gjev reisemoglegheit for ungdomsskoleelevane etter skuleslutt. Ein gjennomgang av passasjerstatistikken viser at det er ei «skjeivfordeling» mellom talet passasjerar på kvar av bussane. Dette skuldast nok at skoleelevane ønskjer å ta bussen som kjem først. Skyss vurderer den totale kapasiteten på tidspunktet og strekninga som god, men det er viktig at skoleelevane spreier seg på bussavgangane. Her oppmodar vi til at skolen og foreldre hjelper til med å informere skoleelevane om dette.

Skyss har stor forståing for foreldre si bekymring, og håper desse tiltaka kan bidra til at skoleelevane får sitteplass på reisa til/frå skolen. Gje oss gjerne tilbakemelding dersom dette problemet held fram.»

Skyss har også nyleg sendt ut eit informasjonsskriv om kapasitet i skolebussar til alle grunnskolane i Hordaland. Dette informasjonsskrivet blei lagt ved svaret til FAU ved Knarvik ungdomsskule, og har fylgjande ordlyd:

#### **Skoleskyss - Informasjon om kapasitet i skolebussar**

Skyss har den siste tida mottatt førespurnader frå fleire skolar med spørsmål om korleis Skyss handterer situasjonar med manglande sitteplassar (inkl. setebelte) til skoleelevar. I det følgjande vil Skyss gje informasjon om korleis skoleskyssen blir dimensjonert og korleis konkrete situasjonar med manglande sitteplassar blir følgt opp.

Skyss si planlegging har utgangspunkt i fylkeskommunen si plikt til å dimensjonere skoleskysstilbodet ut frå at skoleelevar med lovfesta rett til skoleskyss (etter føresegna i opplæringslova kapittel 7 og privatskolelova § 3-7) skal ha tilgang til sitteplass i bussen med setebelte fastmontert. Kravet om tilgang til sitteplass med setebelte gjeld imidlertid ikkje for skoleskyss som blir utført med buss klassifisert som «klasse I» (bybussar).

Skyss planlegg transporten ut frå talet på elevar med rett på skoleskyss som skolen har meldt inn til Skyss innan fristen 1. mars skoleåret før. Det kan vere fleire årsaker til at det er fleire skoleelevar på bussane enn dimensjonert for. Til dømes kan skolane melde inn fleire elevar med rett til skoleskyss etter fristen, og i tillegg kan talet på skoleelevar utan lovpålagt rett på skoleskyss, som reiser med

skolebussane, variere. Vi opplever også at der det er sett opp fleire bussavgangar med kort mellomrom vel ofte skoleelevane ankomsten/avgangen nærast skolen si start/slutt-tid, medan det er god kapasitet totalt sett.

Det er viktig å merke seg at kravet om tilgang til sitteplass med setebelte tek utgangspunkt i det normale behovet for sitteplassar. Det er ikkje ulovlig med ståplassar i bussane, og tilfelle av dette må man rekne med vil kunne oppstå, men dersom det dagleg ikkje er nok sitteplassar skal Skyss sørge for ekstra busskapasitet. Det er derfor sentralt at slike situasjonar blir meldt inn til Skyss (skoleskyss@skyss.no).

Tilbakemeldingar frå bussjåførar har vist at det også kan vere utfordringar knytt til å få skoleelevar til å nytte setebelte, og det er derfor ønskeleg at skolane bidrar med «haldingsarbeid» knytt til sikkerheit på skolebussen.

Skyss tar sikkerheita til skolebarn på stort alvor. Kapasiteten på skolebussane blir følgt opp tett, og det er løpande dialog mellom Skyss og bussoperatørane.

Ved spørsmål ta kontakt med skoleskyss@skyss.no

### **FO 3/19 Spørsmål frå Marthe Hammer (SV) - buss Bergen - Nordhordland**

#### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

##### **Svar frå fylkesrådmann:**

Det nye rutetilbodet i Nordhordland frå hausten 2018 legg som tidlegare opp til korrespondansar mellom det lokale linjenettet og bussane som går mellom Knarvik-Bergen. Regionstamlinja 300/300E innebar endringar i trasé for bussane mellom Knarvik-Bergen, slik at køyretidene også måtte endrast. Med bruk av sanntidsdata registrerer Skyss faktiske køyretider og som gir grunnlag for å fange opp behov for justeringar. Køyretidsregistreringar frå i haust har vist ein del forseinkingar i rush, og det er difor gjort mindre justeringar frå 01.01.2019 på tidene inn mot Bergen om morgonen.

Utfordringar med korrespondanse vil kunne oppstå ved forseinkingar mellom regionstamlinja 300/300E Bergen-Knarvik og det lokale linjenettet i Nordhordland. Årsakar til forseinkingar skuldast i hovudsak trafikale einskildshendingar og varierende og til dels store køproblem langs E39, og som krev større framkomsttiltak. Skyss følger med på køyretidene, og vurderer vidare justeringar. Ein vil også sjå på plassering av bussane på Bergen busstasjon frå terminal nord til terminal sør. Eit slikt tiltak vil kunne bidra til meir føreseielege køyretider.

1. Når vil ein kunne operere med eit sanntidssystem på skjermene i Knarvik og i skyssappen?

Svar:

Skjermen med avgangsinformasjon på Knarvik skystasjon opererer i dag med same sanntidssystem som er montert på alle bussar i Nordhordland, med unnatak av minibussar. Likeeins gir Skyss sin reiseapp også no sanntider og rutetider for linjene i Nordhordland.

Sanntid er ein prognose for avgangstider. Dersom bussen møter på ein kø like før haldeplassen kan ein oppleve at prognosen/sanntida i ein periode kan vere feil før den vert oppdatert på skjermen på haldeplassen.

Dersom ein nyttar reiseplanleggar på skyss.no med mobil vil sanntider ikkje vere tilgjengeleg. Det vert arbeid med å gjere sanntider tilgjengeleg på skyss.no, og det er forventa at dette vil vere på plass innan sommaren 2019.

2. Det er eit høgt fokus på å få bussen fram. Kva planar og tiltak ser ein for seg kan betre bussen sin mulighet til å komme fortare inn til kollektivterminaler som Bergen busstasjon og Åsane Terminal, på bekostning av biltrafikken som står i den same køa?

Svar:

Det vert arbeidd med fleire framkomsttiltak på lokalvegnettet i Åsane, med det føremål å styrke framkomsten til og frå terminalen. Følgjande arbeid er starta opp:

- Åsamyrane: Reguleringsplan for tosidig kollektivfelt (og sykkelveg) mellom rundkøyring ved Hesthaugbrua over E39 og Litleåsvegen/ langs C-tomta er starta opp.
- Byrådet i Bergen har lagt forslag til områdereguleringsplan for Nyborg ut på høyring. Planen inkluderer forslag til prioritering av busstrafikken over Nyborg og i Liamyrane. Forslag til endeleg løysing vert utforma i dialog mellom kommune, fylkeskommune og vegvesen.
- Vidare vart følgjande tiltak ferdigstilt i 2018:
  - o Kollektivfelt i Hesthaugvegen inn på Åsane terminal
  - o Kort kollektivfelt på rampe frå nordgåande E39 til Hesthaugbrua
  - o Kollektivfelt retning nord på Haukås

Reguleringsplanarbeidet for Bybanen til Åsane er no starta opp. Framkomsttiltak for buss i området rundt Åsane terminal vil bli vurdert som ein del av dette arbeidet.

Busstrafikken har i dag framkomstutfordringar også på Nygårdstangen mellom Fløyfjellstunnelen og inn mot Bergen busstasjon. Det er behov for at moglege tiltak vert vurdert som ein del av arbeidet med forlenging av Fløyfjellstunnelen til Eidsvåg, som igjen er ein del av Bybanen til Åsane.

Det kan vidare peikast på at framkomst og regularitet for buss vert vurdert som særst viktig for å få fleire til å velje bort bilen til fordel for kollektivtrafikk, og at det vert arbeidd aktivt med dette frå fylkesrådmannen si side. Vidare har både Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune gjort vedtak om at Statens vegvesen skal utgreie sambruks-/ kollektivfelt gjennom den forlengte Fløyfjellstunnelen. Sambruksfeltet vil ikkje kunne etablerast på strekninga der bussane i dag har størst framkomstproblem, men kan verke inn på den totale trafikkmengda og såleis betre framkomsten for buss på Nygårdstangen.

**RS 1/19 Breibanddekning i Hordaland 2018**

**RS 2/19 Tildeling av tilskot til hurtigladeinfrastruktur**

**RS 3/19 Moglegheiter for etablering av forsterka vegoppmerking i Hordaland - notat til FTU november 2018**

**RS 4/19 Dokument 18/136127-12 E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset (ringveg øst) - KDP med KU Referat fra møte 01/18 i referansegruppen 23-11-2018 sendt fra Statens vegvesen**

**RS 5/19 Rapport frå NTNU - Sykkel-VM 2017. Fra folkefest til økonomisk bakrus**

**RS 6/19 E134 Haukelivegen AS. Prioriterte vegprosjekt.**

**RS 7/19 Hurtiglading for drosje på Bergen lufthamn og Bergen busstasjon**

**RS 8/19 Ekstraløyving til trafikksikring i 2019. Fordeling av midlar og plan for tilskotsordning.**

**RS 9/19 Referat frå Fylkesvegrådet**

**RS 10/19 Eierrapport fra Ferde AS 2018-2**

**PS 6/19 Bompengar for nullutsleppskøyretøy - Takstklasse 2**

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet legg til grunn at tunge nullutsleppskøyretøy skal ha 50 % av bompengetakst for alle bompengeprojekt- og pakkar i Hordaland.

**Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av AP, SP, KrF og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget vil utgreia fritak/rabatt for bompengar for hydrogenbilar, utsleppsfrie varebilar og lastebilar. Det kan opprettast ein klimaklasse, det vil sei differensiert fritak for bioetanol- og biogass-, samt ladbare hybrid-lastebilar».

**Natalia A. Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet legg til grunn at tunge nullutsleppskøyretøy (takstklasse 2) skal ha fritak fra bompengetakst for alle bompengeprojekt- og pakkar i Hordaland.»

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av AP, SP, KrF og SV fram slikt forslag til utsetjing:

«Utsetje saka og ber om at administrasjonen kjem tilbake med sak i løpet av første kvartal 2019 der følgjande vedtak frå budsjettet innarbeides:

Fylkestinget vil utgreia fritak/rabatt for bompengar for hydrogenbilar, utsleppsfrie varebilar og lastebilar. Det kan opprettast ein klimaklasse, det vil sei differensiert fritak for bioetanol- og biogass-, samt ladbare hybrid-lastebilar»

### **Røysting (til utsetjing)**

Hammer sitt forslag fekk 8 røyster (SP, A, SV, KrF) mot 7 røyster (H, FRP, MDG og V).

### **Vedtak**

Utsetje saka og ber om at administrasjonen kjem tilbake med sak i løpet av første kvartal 2019 der følgjande vedtak frå budsjettet innarbeides:

Fylkestinget vil utgreia fritak/rabatt for bompengar for hydrogenbilar, utsleppsfrie varebilar og lastebilar. Det kan opprettast ein klimaklasse, det vil sei differensiert fritak for bioetanol- og biogass-, samt ladbare hybrid-lastebilar

## **PS 7/19 Søknad frå Taxi/Bus Odda AS om ruteløyve for strekninga Skjeggedal - Tyssedal - Odda**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet tildeler Taxi/Bus Odda AS ruteløyve for strekninga Skjeggedal – Tyssedal – Odda.
2. Taxi/Bus Odda AS skal ikkje utføre rutetransport mellom Tyssedal og Odda når Skyss har rutetilbod der.
3. Fylkesutvalet oppmodar Taxi/Bus Odda AS til å nytte mest mogleg miljøvenleg materiell i rutetransporten.

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

#### **Røysting**

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet tildeler Taxi/Bus Odda AS ruteløyve for strekninga Skjeggedal – Tyssedal – Odda.
2. Taxi/Bus Odda AS skal ikkje utføre rutetransport mellom Tyssedal og Odda når Skyss har rutetilbod der.
3. Fylkesutvalet oppmodar Taxi/Bus Odda AS til å nytte mest mogleg miljøvenleg materiell i rutetransporten.

## **PS 8/19 Søknad frå Osbuss AS om fornying av ruteløyve for sightseeingbuss i Bergen sentrum**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet tildeler Osbuss AS, org.nr 990 024 898, ruteløyve for strekninga Bontelabo – Bryggen – Strandkaian – C. Sundts gate – Nordnesbakken – Haugeveien – Klostergaten – Engen – Nøstegaten – Nygårdshøyden – Strømgaten – Lars Hilles gate – Christies gate – Torget – Nye Sandviksveien – Nyhavn – Bontelabo. Ruteløyvet gjeld på vilkåra i punkt 3-6
2. Fylkesutvalet legg til grunn at Osbuss følgjer opp den planen for bruk av miljøvenleg vognmateriell som er skissert i løyvesøknaden.
3. Hordaland fylkeskommune kan, med varsel i rimeleg tid, påleggje Osbuss å endre rutetrase og bruk av haldeplassar, dersom trafikkale tilhøve tilseier dette.
4. Ruteløyvet gjeld sightseeingbussrute for passasjerar med rundturbillett.
5. Ruteløyvet gjeld drift etter reglane i diskriminerings- og likestillingslova og forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv.



6. Ruteløyvet gjeld drift med bruk av haldeplassar i samsvar med reglane i vegtrafikklova og skiltforskrifta. Stans for anna enn snøgg av- og påstigning må finne stad på plass godkjent av Hordaland fylkeskommune og vegeigar.

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

#### **Røysting**

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet tildeler Osbuss AS, org.nr 990 024 898, ruteløyve for strekninga Bontelabo – Bryggen – Strandkaien – C. Sundts gate – Nordnesbakken – Haugeveien – Klostergaten – Engen – Nøstegaten – Nygårdshøyden – Strømgaten – Lars Hilles gate – Christies gate – Torget – Nye Sandviksveien – Nyhavn – Bontelabo. Ruteløyvet gjeld på vilkåra i punkt 3-6
2. Fylkesutvalet legg til grunn at Osbuss følgjer opp den planen for bruk av miljøvenleg vognmateriell som er skissert i løyvesøknaden.
3. Hordaland fylkeskommune kan, med varsel i rimeleg tid, påleggje Osbuss å endre rutetrase og bruk av haldeplassar, dersom trafikkale tilhøve tilseier dette.
4. Ruteløyvet gjeld sightseeingbussrute for passasjerar med rundturbillett.
5. Ruteløyvet gjeld drift etter reglane i diskriminerings- og likestillingslova og forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv.
6. Ruteløyvet gjeld drift med bruk av haldeplassar i samsvar med reglane i vegtrafikklova og skiltforskrifta. Stans for anna enn snøgg av- og påstigning må finne stad på plass godkjent av Hordaland fylkeskommune og vegeigar.

### **PS 9/19 Fråvikssøknad - reguleringsplan for fv 555 Kolltveit-Vorland**

#### **Forslag til vedtak**

Miljø- og samferdselsutvalet viser til vedlagte søknad frå fråviksgruppa i Statens vegvesen om fråvik frå 90 km/t på strekninga Kolltveit – Vorland slik kravet er for dimensjoneringsklasse H5 i handbok N100 .

Med bakgrunn i dei faglege vurderingane gjort av fråviksgruppa i Statens vegvesen vert vegstrekninga Kolltveit – Vorland dimensjonert for ein fartsgrense på 80 km/t.

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

**Gustav Bahus (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Nytt andre avsnitt:

Miljø- og samferdselsutvalet avslår søknaden ut frå at den vert bygd for klasse H5 i handbok N100.»

#### **Røysting**

Fylkesrådmann sitt forslag første avsnitt vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmann sitt forslag andre avsnitt vart vedteke med 13 røyster (SP, SV, A, KrF, V, MDG, H) mot 2 røyster (FRP) for Bahus sitt forslag.

#### **Vedtak**

Miljø- og samferdselsutvalet viser til vedlagte søknad frå fråviksgruppa i Statens vegvesen om fråvik frå 90 km/t på strekninga Kolltveit – Vorland slik kravet er for dimensjoneringsklasse H5 i handbok N100.

Med bakgrunn i dei faglege vurderingane gjort av fråviksgruppa i Statens vegvesen vert vegstrekninga Kolltveit – Vorland dimensjonert for ein fartsgrense på 80 km/t.

## **PS 10/19 Fråvikssøknad. Reguleringsplan for gnr. 216 bnr.119 Eidsvåg skole - Bergen kommune**

### **Forslag til vedtak**

Miljø- og samferdselsutvalet ser det som viktig å auke trafikktryggleiken i krysset mellom Granlien og fv 267, og vedtek fråvik frå krav til linjeføring i handbok N100 for å betre trafikktilhøva så raskt som mogleg. Permanent kryssløysing vert handtert i eigen reguleringsplan for utbetring av tilbodet for gåande og syklende i fv 267 Eidsvågvegen.

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

#### **Røysting**

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Miljø- og samferdselsutvalet ser det som viktig å auke trafikktryggleiken i krysset mellom Granlien og fv 267, og vedtek fråvik frå krav til linjeføring i handbok N100 for å betre trafikktilhøva så raskt som mogleg. Permanent kryssløysing vert handtert i eigen reguleringsplan for utbetring av tilbodet for gåande og syklende i fv 267 Eidsvågvegen.

## **PS 11/19 Fråvikssøknad - reguleringsplan for fv 48 Skånevik - Flesjo i Etne kommune**

### **Forslag til vedtak**

Miljø- og samferdselsutvalet viser til brev datert 28.11. 2018 frå Statens vegvesen  
**Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

**Mette Heidi B. Ekrheim (SP)** sette på vegner av SP, SV, A, KrF, V, MDG, FRP og H fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett til neste møte i MISA, og ber om å få framlagt kostnadsestimat for å unngå innsnevring av vegen».

#### **Røysting (til utsetjing)**

Ekrheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Saka vert utsett til neste møte i MISA, og ber om å få framlagt kostnadsestimat for å unngå innsnevring av vegen.

## **PS 12/19 Framlegg til overføringslov og endring av ulike lover som følgje av overføring av fylkesvegadministrasjonen - Høyringsfråsegn**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet i Hordaland har ikkje merknader til dei føreslegne tekniske endringane i ei rekkje lover som følgje av overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen.
2. Fylkesutvalet viser likevel til dei føreslegne endringane i veglova der den lovmessige reguleringa av Statens vegvesen si organisering blir fjerna. Det er også registrert at det vert vurdert nedlegging av regionvegkontora og ein framtidig divisjonsmodell. Den pågåande

omorganiseringa av Statens vegvesen må ikkje føre til ei sterk sentralisering av etaten. Det er behov for kompetanse-arbeidsplassar i Statens Vegvesen i heile landet.

3. Delegasjonsføresegnene i § 9 i veglova kan opphevast i sin heilskap
4. Reguleringa av dei tilsette sine individuelle rettar må innrettast på ein mindre ressurskrevjande måte enn det forslaget til overføringslov legg opp til.
5. Den samla budsjetttramma som blir overført til fylkeskommunane må samsvare med tal stillingar som Statens vegvesen har brukt til aktuelle fylkesvegoppgåver. Det må i tillegg vurderast korleis fordelinga av midlar mellom fylkeskommunane skal løysast frå 2020 og framover, inkludert om det er behov for overgangsløysingar.

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

**Svein Halleraker (H)** sette på vegner av H, FRP, MDG, V, KrF, SP, A, og SV fram slikt forslag:

Fylkesrådmann sitt forslag med slike endringar:

«Endring siste setning punkt. 2:

Det vil fortsatt vere behov for leiar og kompetansesarbeidsplassar i statens vegvesen i alle regionar»

«Punkt 3 og 4 går ut»

«Punkt 5: Ny første setning:

Fylkesutvalet vil understreke at overføringa av fylkesvegadministrasjonen vil medføre vesentlege omstillingskostnader, som pr i dag er usikre og ufullstendige. Det er viktig å få kartlagt omstillingskostnadane ved overføringa og at desse kostnadane syner att i budsjetttrammene.»

### **Røysting**

Fylkesrådmann sitt forslag med Halleraker sine endringsforslag vart samrøystes vedteke. Fylkesrådmann sitt forslag vart ikkje røysta over.

### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet i Hordaland har ikkje merknader til dei føreslegne tekniske endringane i ei rekkje lover som følge av overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen.
2. Fylkesutvalet viser likevel til dei føreslegne endringane i veglova der den lovmessige reguleringa av Statens vegvesen si organisering blir fjerna. Det er også registrert at det vert vurdert nedlegging av regionvegkontora og ein framtidig divisjonsmodell. Den pågåande omorganiseringa av Statens vegvesen må ikkje føre til ei sterk sentralisering av etaten. Det vil fortsatt vere behov for leiar og kompetansesarbeidsplassar i statens vegvesen i alle regionar.
3. Fylkesutvalet vil understreke at overføringa av fylkesvegadministrasjonen vil medføre vesentlege omstillingskostnader, som pr i dag er usikre og ufullstendige. Det er viktig å få kartlagt omstillingskostnadane ved overføringa og at desse kostnadane syner att i budsjetttrammene. Det må i tillegg vurderast korleis fordelinga av midlar mellom fylkeskommunane skal løysast frå 2020 og framover, inkludert om det er behov for overgangsløysingar.

### **PS 13/19 Utlysing driftskontrakt 1206 Voss og 1207 Sunnhordland**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til standardval i grunnlagsnotatet til Statens vegvesen om utlysning av driftskontrakt 1206 Voss og 1207 Sunnhordland.

### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

#### **Røysting**

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til standardval i grunnlagsnotatet til Statens vegvesen om utlysning av driftskontrakt 1206 Voss og 1207 Sunnhordland.